



FISKERIDIREKTORATET  
Ressursavdelinga

FISKERI-OG KYSTDEPARTEMENTET
11.09.2008
SAKSNR. ARKIV

Det Kongelege Fiskeri- og kystdepartement  
Postboks 8118 Dep  
  
0032 OSLO

Sakshandsamar: Jakob Eirik Lothe  
Telefon: 90952762  
Seksjon: Fartøy- og deltakarseksjonen  
Vår referanse: 06/9911  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 09.09.2008  
Dykkar dato:

Att:

## HØYRING AV FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM FØRING AV FISKARMANTAL.

Viser til Dykkar brev av 02.06.08.

Fiskeridirektoratet har gått gjennom og vurdert Dykkar notat av 02.06.08 med forslag til ny forskrift for føring av fiskarmanntal m.v. Notatet er vidaresendt til regionane og fråsegner derfrå mottekne. Vi har ikkje sett opp særskilt samandrag over dette, men lagt inn momenta der vi meiner dei høyrer til i samla framstilling.

Fiskeridirektoratet vil særleg legge vekt på definisjonar av sentrale omgrep i framlegget og reglane kring føring og saksgang av fiskarmanntalet.

Endringar som ikkje er omtala har vi i hovudsak ingen merknad til. Vi nemner likevel at ein god del av det som i dag er gjeldande reglar ligg utanfor føresegna i merknader, rundskriv o.l. Noko av dette er aktuelt framleis og bør reviderast og dernerst kanskje settast opp som merknader til kvar enkelt paragraf i den nye forskrifta eller medteke direkte i denne. Dette for å gjere regelverket mest mogeleg fullstendig og sikre lik praksis i alle regionar. Som døme kan nemnast reglar for skuleelevar/studentar, militære eller personar med uløna omsorgsarbeid. Også vurdering av trygdeytningar er viktig då reglane for alders- og uførepensjon er mykje endra. Det same gjeld reglane for dei som har tilknytning til andre land, anten flytta dit eller heilt eller delvis arbeider der. Fleire emne kan også vere aktuelle.

### Merknad til dei einskilde paragrafar:

Til § 3 - Vilkår for å stå på blad A i manntalet.

Under punkt 4 bør det presiserast kva som er meint med brutto inntekt frå fiske eller fangst. Ein tilrår fylgjande setning teke inn i forskrifta: "*Med brutto inntekt frå fiske eller fangst er meint brutto lottinntekt oppgeve til skattlegging for lottmottakarar og brutto omsetnad oppført i næringsoppgåve fråtrekt eventuelle salskostnader (lagsavgift) for einefiskarar*".

Til § 5 - Vilkår for å stå på blad B i manntalet.

Under punkt 4 bør det presiserast kva som er meint med brutto inntekt frå fiske eller fangst. Ein tilrår fylgjande setning teke inn i forskrifta: ” *Med brutto inntekt frå fiske eller fangst er meint brutto lottinntekt oppgjewe til skattlegging for lottmottakarar og brutto omsetnad oppført i næringsoppgåve fråtrekt eventuelle salskostnader (lagsavgift) for einefiskarar*”.

Våre merknader:

For å unngå mistyding er det viktig med eintydig definisjon her. Ovannemnde forslag til definisjon for einefiskarar fell saman med det grunnlag som i dag vert nytta til fastsetting av avgifter (t.d. produktavgift).

Vidare vil overståande definisjonar falle saman med opplysningar som kan hentast ut frå Skatteetaten. Dette er viktig i vår sakshandsaming og handheving av reglane.

**Kort vurdering av fylgjene dei framlagde endringar i inntektsgrenser for å stå på Blad A og B vil medføre:**

Blad A)

Krav i gjeldande reglar:

Lottmottakarar:	35.128	kroner i lott
Einefiskarar	52.692	kroner i brutto salsinntekt (2/3 av dette = 1/2 G)

Krav i nytt framlegg:

Lottmottakarar:	37.500	kroner i lott
Einefiskarar:	37.500	kroner i brutto salsinntekt

Blad B)

Krav i gjeldande reglar:

Lottmottakarar:	70.256	kroner i lott
Einefiskarar:	105.384	kroner i brutto salsinntekt (2/3 av dette = 1 G)

Krav i nytt framlegg:

Lottmottakarar:	100.000	kroner i lott
Einefiskarar:	100.000	kroner i brutto salsinntekt

Ved utrekninga er nytta 1 G pr.01.05.08, 70.256 kroner

Våre merknader:

Som vi ser innebær framlegget ei lett skjerping for lottmottakarar og ein vesentleg lette for einefiskarar i vilkåra for å stå på blad A. Då dei fleste av dei som søker opptak på blad A er einefiskarar, innebær framlegget samla sett vesentleg lette i krava til fiskeriinntekt for opptak på blad A.

For blad B innebær framlegget ei vesentleg skjerping for lottmottakarar og ei mindre lette for einefiskarar når det gjeld krava til fiskerinntekt. Begge grupper er aktuelle for opptak på blad B og samla innebær framlegget ei skjerping av kravet til fiskerinntekt for opptak på blad B.

Framlegg til justering av inntektsgrensene for blad A:

Med bakgrunn i overstående merknader for å gjere forskrifta enklare og ikkje minst for å samordne krava med mva-lovgjeving og krav i ny havressurslov gjer Fiskeridirektoratet framlegg om at krav om fiskerinntekt for opptak på blad A etter § 3 vert endra til:

*” Inntekt frå frå fiske eller fangst som tilsvarar minst beløpet i lov av 19 juni 1969 nr.66 om meirverdiavgift § 28 første ledd første punktum ”*

Dette vil i så fall skjerpe kravet for lottmottakarar frå 35.128 kroner til 50.000 kroner og gjere til at kravet for einefiskarar vert omtrent som det er etter gjeldande reglar, frå 52.692 kroner no til 50.000 etter justert framlegg.

Vi har også merka oss framlegget om at manntalet skal åpnast for personar som driv innhausting av viltlevande marine ressursar m.a. taretråling. Vi har ingen merknad til dette, men saknar litt om praktisk gjennomføring då vel også desse produkta må leverast slik at avgifter, t.d. produktavgift, vert trekt då desse finansierer ytingane til-knytt manntalsføring. Taretrålarar betaler pr. i dag ikkje produktavgift. Tang og tare vert heller ikkje omsett gjennom salslag slik at Fiskeridirektoratet kjenner til kven som leverer.

### **Merknader til §§ 7 og 8 i framlegg til ny manntalsforskrift:**

Tilhøve mellom opplysningane i manntalet og Folkeregisteret.

Fiskeri- og kystdepartementet legg til grunn for sitt forslag at registrering av ny adresse i fiskarmanntalet ikkje skal skje før det er godtgjort at flytting er gjennomført og at registrering av ny adresse i Folkeregisteret ikkje utan vidare bør reknast som fullgodt i denne samanheng. Departementet seier ikkje noko om korleis flytting skal godtgjerast.

Fiskeridirektoratet meiner at personopplysningane i fiskarmanntalet må samsvare med opplysningar i Folkeregisteret. Personopplysningane vert i dag kontrollert opp mot Folkeregisteret. På lenger sikt ser Fiskeridirektoratet føre seg at ein skal basere seg på elektroniske løysingar med gjenbruk av grunndata frå Folkeregisteret i tråd med eNorgeplanen. Dette vert vanskeleg å gjennomføre dersom fiskarmanntalet skal ha andre bustadadresser enn det Folkeregisteret har.

Fiskeridirektoratet gjer difor framlegg om at opplysningar frå Folkeregisteret, her også bustadadresser, vert lagt til grunn også ved føring av fiskarmanntalet. Får Fiskeridirektoratet kunnskap om at bustadadressa som er opplyst i Folkeregisteret ikkje stemmer, må dette føre til at vedkomande vert sletta av fiskarmanntalet. Det same bør også gjelde om ein får kunnskap om at også andre opplysningar er feil. Fylgjene av sletting frå fiskarmanntalet vil kunne vere at vedkomande ikkje får levert fangst fordi eit av grunnvilkåra for deltaking i einskilde fiskeri nettopp er at vedkomande er oppført i manntalet.

**På denne bakgrunn gjer vi framlegg om at nytt tredje ledd i § 8 i ny forskrift vert som følger:**

*”Dersom Fiskeridirektoratet får kunnskap om at opplysningane i manntalet ikkje er rette, vil dette kunne medføre stryking frå fiskarmanntalet.”*

**Føring av manntalet:**

Fiskeridirektoratet meiner det bør presiserast at regionkontora i Fiskeridirektoratet er manntalsførar for dei som er busett i kommunane som er omfatta av kvar enkelt regionkontor.

Det bør også takast inn i forskrifta at alle opplysningane skal førast i eit sentralt register der Fiskeridirektoratet sentralt er ansvarleg (særskilt ansvar etter lov om personopplysning).

For å sikre eintydig identifikasjon av den enkelte registrerte person i fiskarmanntalet, må opplysningane baserast på fødsels- og personnummer. Heimel for bruk av dette må stå i manntalsforskrifta.

Ein gjer også framlegg om at det elektroniske fiskarmanntalet, i tillegg til bustadadresse, også skal ha oppført postadresse om denne er ei anna enn bustadadressa. Postadressa er viktig når vedkomande skal nåast med brev m.m.

**Ein gjer difor framlegg om at § 7 vert endra som følger:**

*”§ 7 Vedtaksmynde og føring av manntalet.*

*Regionkontora i Fiskeridirektoratet gjer vedtak etter denne forskrifta for dei som er busett i kommunar omfatta av det einskilde regionkontor. Fiskeridirektoratet sentralt er klageinstans.*

*Manntalet skal førast i eit eige sentralt elektronisk register der Fiskeridirektoratet har ansvaret.*

*Manntalet skal innehalde desse opplysningane om dei manntalsførte:*

*Fødsels- og personnummer*

*Namn, etternamn samt alle førenamn og mellomnamn*

*Bustadadresse samt postadresse dersom denne er ei anna enn bustadadressa*

*Fylke den manntalsførte er busett i*

*Kommune den manntalsførte er busett i*

*Manntalsstatus (medrekna evt. dispensasjonar)”*

## **Plikter for den manntalsførte:**

Fiskeridirektoratet meiner hovudregelen bør vere at alle meldingar om flytting og endring av manntalsstatus skal meldast til regionkontoret. Dersom melding om endring gjeld flytting til ein kommune som er underlagt eit anna regionkontor enn den kommunen han står oppført under, gjer ein framlegg om at regionkontoret som mottok meldinga sender den vidare til det regionkontor den skal handsamast.

## **Ein gjer framlegg om at § 8 vert endra slik:**

*”Den manntalsførte pliktar å gje melding til regionkontoret i Fiskeridirektoratet der han er busett ved alle endringar som har noko å seie for manntalet. Dette gjeld om han flytter, flytter til utlandet, sluttar som fiskar, fangstmann m.v. eller elles ikkje lenger fyller vilkåra for å kunne stå på same blad i manntalet. Personar som flytter til ein annan kommune skal registrerast i tilflyttingskommunen”.*

Når ein har fått på plass ordninga med gjenbruk av data frå Folkeregisteret, vil kravet om at det skal sendast eiga melding til Fiskeridirektoratet for å få endringa innført i manntalsregisteret kunne takast ut av forskrifta.

## **Årleg revisjon av manntalet – føring gjennom året.**

a). Gjeldande rett/system.

Regionkontora i Fiskeridirektoratet har ansvar for føring av fiskarmanntalet i første instans, kvar for sine distrikt. Fiskeridirektoratet sentralt er klageinstans og har overordna ansvar for samordning av rutinar og sakshandsaming. I tillegg ansvar for føring av det sentrale manntalsregister (særskilt ansvar etter lov om personopplysning). manntalsforskrifta §§ 7 og 10.

Manntalsføringa i første instans kan delast opp slik:

1. Hovudrullering (årleg revisjon):

Oppsett av manntalet for komande år, gjennomført oktober-desember hausten før. Dette vert kalla hovudliste og gjeld heile komande år. Oppføring på denne, medrekna flytting frå eit blad til eit anna samt stryking er formelt enkeltvedtak. Jf. manntalsforskrifta § 8.

Bakgrunnen er at vilkåra for å stå i manntalet i hovudsak er bygd på inntekt, noko som etter reglane for rekneskap og skattlegging alltid gjeld for eit år om gongen. Hovudrulleringa er full revisjon av heile manntalet, alle som står inne pr. 1 november året før, i takt med at nye likningstal kjem til. Pr. 1 januar tek heilt nytt manntal, ”Årets manntal,” til å gjelde, det gamle er forelda og avslutta. Det nye manntalet vil med ein gong leggast til grunn for tildeling av offentlege rettar og ytingar. I sum gjeld dette store samfunnsmessige verdiar. Frå fleire hald, m.a. Riksrevisjonen, er det påpeika kor viktig det er at nytt manntal kjem på plass snarast råd i det nye året.

Pr. no arbeider vi ut frå at nytt manntal skal vere klart seinast i løpet av veke to på nyåret.

## 2. Føring gjennom året:

Innmelding gjennom året er også enkeltvedtak. Godkjende innmeldingar vert no ført på eiga liste, kalla tilleggsliste. Jf. manntalsforskrifta § 9.

Eiga utmelding, flytting, andre endringar og formalia kjem attåt, men er ikkje enkeltvedtak.

Etter gjeldande reglar fylgjer hovudlista kalenderåret, medan tilleggslista går frå 1 november til 31 oktober. Dette fordi framlegg til ny hovudliste vert utlagt 1 november og nye opptak ikkje kan førast inn i pågåande prosess, men lyt vente til neste år. Retting og formelle endringar vert utført etter kvart uavhengig av periodar.

### b) Vurdering av nytt framlegg

Så lenge systemet med årleg revisjon av manntalet held fram, meiner Fiskeridirektoratet at dagens reglar, §§ 8 og 9 og 10 i gjeldande forskrift, i hovudsak bør førast vidare. Sett bort frå dei deler som er forelda og ikkje har vore i bruk på lenge, § 8 nr.3 og 4, § 9 nr.2 (2 ledd) og nr 3, meiner vi resten med litt oppdatering av språk og redigering fungerer bra:

Hovudrulleringa stiller store krav til grundig og tidsmessig presis gjennomføring. Likeeins til samordna og lik praksis i regionane. Resultatet avgjer i stor grad kvaliteten på manntalsregisteret heile komande år. Hovudrulleringa bør difor regulerast for seg, dei andre delane for seg.

Arbeidet vert utført av sju ulike regionar. All røynsle tilseier at regionane lett glir frå kvarandre i ulik praksis om ikkje regelverket er fullstendig og tydeleg.

Den største utfordring sentraleiniga har er heile tida å halde regionane samla i felles praksis.

I eit slikt system er dei formelle reglane ein sær viktig reiskap:

Avgrensing av personkrets, faktiske opplysningar som skal leggest til grunn, vurderings-tema, saksgang og tidsplan, alt må vere best mogeleg og fullstendig regulert i forskrifta.

Dette gjev regionane eit fast felles utgangspunkt som etter vår meining er heilt naudsynt. Reglane skal også vere godt synlege utover mot publikum og brukarar. Difor må dei stå i sjølve forskrifta og vere tydelege og fullstendige. Då veit folk kva dei har å halde seg til uansett kvar dei bur i landet. Dette vil motverke at ulik regionvis praksis utviklar seg og såleis også styrke rettstryggleiken.

Klage i samband med hovudrullering bør regulerast i eigen paragraf som no. Klagefristen bør vere sams for heile landet, og helst utvida. Klager som kjem etter fristen bør kunne avvisast, fordi:

1.

Klageomgangen er ein integrert del av hovudrulleringa.

2.

Nytt manntal for komande år må vere ferdig i rett tid. Framdrifta kan ikkje forseiknast av ulike fristar og for seint innkomne klager.

For seint innkomne klager kan, som no, visast til søknad om opptak for komande år utan at dette får fylgjer for vedkomande.

Systemet med årsavslutning og oppretting av nytt årets manntal er slik at alt må vere ferdig til rett tid. Heng nokon av regionane att med uferdig arbeid, vert heile sluttresultatet påverka. Nytt manntal kan ikkje presenterast delvis og utan at alle er med. Dette går igjen også ved systemet for elektronisk registrering: Størstedelen av denne går no føre seg regionvis, endeleg samordning skjer sentralt. Kjem nokon av regionane ut av takt, vert også dette arbeidet forvanska og forseinka. Rundskriv av 20.12.07 vedlagt til orientering (./.)

Praktiske fordeler ved sams regelverk kjem attåt:

Hovudrulleringa medfører utstrakt samarbeid med Skatt og NAV om utlevering av opplysningar. Tidsmessig fell dette saman med hektiske arbeidsperiodar for desse etatane, særleg Skatt, noko som krev god tilpassing frå alle. Når reglar og tidsplan er felles, kan sentraleingane i Skatt; NAV og fiskeri lettare fastsette rutinar som gjer samarbeidet lettare og meir rasjonelt, noko vi har gode røynsler med.

Fiskeridirektoratet sentralt kan lettare styre sider ved prosessen som felles kunngjering, felles brev for meldingar o.l. noko ein delvis alt har gjort.

Manntalsregisteret skal utgjere ein heilskap, ikkje ulike deler ferdig til ulike tider. Hovudrulleringa er ein og same prosess for heile landet. God gjennomføring avgjer i stor grad kor godt registeret skal bli for heile året.

Manntalsføring gjennom året:

Dette omfattar inn- og utmeldingar, endring og rettingar, alltid enkelttilfelle. Arbeidet er spreidd over mykje lenger tid enn ved hovudrullering, manntalsfører har ei langt mindre aktiv rolle med innhenting av opplysningar.

Innmelding i manntalet står i § 9 gjeldande forskrift, så også i det nye framlegget (flytt til § 10 i vårt framlegg). I forskrifta som gjeld vert godkjende opptak ført på eiga liste, kalla tilleggsliste (namnet kjem av det som kjem til i perioden manntalet er sett opp for, tillegget). Juridisk er det ingen skilnad på dei to listene på eit punkt nær: Oppføring på tilleggsliste medfører ikkje pliktig medlemskap i pensjonstrygd for fiskarar. Jf. Lov om pensjonstrygd for fiskarar § 1. Dette skjer først ved evt. overføring til hovudliste. Elles tener tilleggslista til å avgrense dei som er innmelde siste to år, ei gruppe som er særskilt prioritert ved kontroll i samband med hovudrullering.

§ 9 i nytt framlegg har elles fått ei bra utforming, men namnet førstegongs registrering er ikkje heldig. Svært mange melder seg inn og ut av manntalet (eller vert sletta) fleirer gonger i løpet av karrieren (opp til 4-5) slik at uttrykket kan mistydast. Opptak eller innmelding bør brukast i staden.

Vi vil og frårå at vedkomande sjølv får velje kor lenge eit opptak skal ha verknad om det skjer i tida frå 1 oktober til 31 desember. Dette kan lett skape mistyding, ulikskap og meir å halde styr på, m.a. ved hovudrullering.

Sams reglar er best: Innmelding før 31 oktober gjeld ut året og kjem med på hovudrullering, innmelding etter 1 november overført til neste år. Etter gjeldande praksis avgjer vedlagt dokumentasjon tidspunkt for innmelding. Dette tilrår vi vidareført.

Sletting frå manntalet skjer nesten berre ved hovudrullering. Så godt som alle vedtak om oppføring i manntalet har verknad til eit årsskifte, og må då evt. fornyast. Difor må også sletting i hovedsak skje frå dette tidspunkt.

Gjennom året er det mest alltid gjeldande vedtak å halde seg til (i nokre få tilfelle skjer det likevel at vedtak er ugyldige og kan då omgjerast etter forenkla reglar).

Sletting i løpet av året er difor ikkje så aktuelt, men omgjerung av tidlegare vedtak etter forvaltningslova skjer i nokre tilfelle. Omgjerung til skade må alltid gjerast av overinstansen. Desse tilfella er ikkje så mange av, men manntalsforskrifta bør ha tilvising til omgjeringsreglane i forvaltningslova.

Gjennom året melder folk seg ut etter eige ynskje når dei sluttar. Dette har har festna seg etter at det vert meir og meir kjent at oppføring i manntalet, blad B, også etter ein sluttar i fiske, medfører at pliktig premie til pensjonstrygd for fiskarar må betalast. Mange melder seg difor ut av manntalet sjølve når dei sluttar.

Framgangsmåten er enkel:

Skriftleg kvittering med rett dato (ikkje vedtak). Dette skjer i stort omfang og er ein god måte å halde manntalet oppdatert på. Det er vårt inntrykk at stryking og eiga utmelding utfyller kvarandre bra.

Føresetnaden er at det heile tida vert informert godt om at betalingsplikta held fram så lenge ein er manntalsført.

Ved overgang til trygd har ein, etter samråd med NAV, late den trygda ha sin manntalsstatus ut året om han så ynskjer.

Tal frå registeret syner at det i 2003 var 1165 utmeldingar gjennom året og 1511 slettingar ved hovudrullering pr. 31 desember. I 2004 var tilsvarende tal 815 utmeldingar og 1887 slettingar, i 2005 var det 759 utmeldingar og 983 slettingar, i 2006 595 utmeldingar og 1020 slettingar og i 2007 478 utmeldingar og 781 slettingar.

Dette syner at talet på slettingar er noko større enn talet på utmeldingar og at sum avgang i perioden er ganske stor også om vi trekkjer frå tilgangen. Talet på klager i perioden har vore ikkje vore høgt i høve til det store tal slettingar.

Ved oppdatering av registeret når det gjeld sletting ved utvandring og død, samt flytting frå ein kommune til ein annan og andre endringar, har rutine ikkje alltid fungert godt nok.



For å få betre orden på dette har vi tinga med Skatteetaten og fått innvilga direkte tilgang til Folkeregisteret. Noko arbeid med teknisk tilpassing og tryggleiksklarering står likevel att før tilgangen kan opnast. Dette vil skape ein ny situasjon, der truleg også ordninga med at den enkelte melder frå om flytting mellom kommunar ikkje trengst meir.

Inntil dette er avklart sluttar vi oss til framlegg frå Fiskeri- og kystdepartementet med dei merknader som framgår ovanfor til §§ 7 og 8.


### Slutning:

Hovudrullering (årleg revisjon av manntalet) er så viktig og prosessen så krevande, at alt bør vere gjennomregulert i eigne reglar i forskrifta. Særreglar om felles og utvida klagefrist bør gjelde som no av omsyn til dei krav prosessen stiller.

Innmelding gjennom året er viktig å ha sams praksis for, men arbeidet har langt mindre omfang og tidspress enn ved hovudrullering. Innmelding bør difor regulerast for seg etter ordinære forvaltningsreglar. Eiga utmelding er ukomplisert, men må informerast godt om. Flytting og andre endringar får gå slik det er gjort framlegg om, men må takast att når betre tekniske løysingar er klare.

Viser til overståande og legg ved framlegg til endringar i ny manntalsforskrift (./.)

med helsing



Truls Konow  
seksjonssjef

Jakob Eirik Lothe  
Jakob Eirik Lothe  
rådgjevar

Kopi: Fiskeridirektøren, her  
Ass. fiskeridirektør, her  
Ressursavdelinga v/ Eikemo, her  
Fartøy- og deltakarseksjonen, her

Terje Halsteinsen, her  
Elisabeth H. Bakke, her  
Anita Steinseide, her  
Atle Birkeland, her  
Jakob Eirik Lothe, her